

Deling gbnr 35/2. Tilbakemelding på forslag frå landbrukssjefen til korrigert tomt for å stetta krav frå Fylkesmannen i Vestland

Viser til brev frå Fylkesmannen 3.5.19 og framlegg i e-post 14.5.19:



Eg har merknader til tre punkt i framlegget:

1. Fylkesmannen skriv: «Frådelinga vil omdisponere over 2 daa fulldyrka areal til bustadtomt. [...] I denne saka meiner vi at omdisponeringa av verdifull dyrka mark vert for omfattande. Fylkesmannen si vurdering er at om det skal vere grunnlag for å dele ifrå tunet må omdisponeringa av dyrka mark reduserast betydeleg.»

I framlegget frå landbrukssjefen er det dyrkbare arealet redusert til 434 m². Eg tek dette til orientering, men kunne likevel ønskja at grensa følgde grenselina frå øvre del av køyrevegen, dvs. utan «knekken» frå vegen nær løa.

2. Fylkesmannen skriv: «Vi meiner at om naustet også skal delast ifrå, bør det delast ifrå eit mindre område rundt naust, men med same gards- og bruksnummer som tunet. Det er avgjerande for grunnlaget for ein dispensasjon at sal av landbruksarealet vert sikra gjennom gode vilkår.»

Eg er samd i at landbruksarealet skal ha gode vilkår. Haugen som går frå naustet og ca 50 meter langs vatnet – Vasshøyen – er ikkje godt landbruksareal, men skrapeslått som heller ikkje brukt som beiteareal. Eg kan ikkje sjå gode argument mot at Vasshøyen vert delt frå saman med tomten. Det har ikkje vore meininga at naustet skal ha særskilt gards- og bruksnummer.

3. Eg vonar at oppmålinga kan ta omsyn til topgrafien og tilpassast terrenget. Det skulle ikkje vera nødvendig at grenselinjene langs vegen i tomtegrensa går oppe på muren og ikkje nede i murfoten, slik det er lagt opp til i hjørnet til høgre, nær bilvegen. Dette vesle hjørnet oppe på muren bør t.d. kunna brukast til bærbusker som erstatning for dei som går tapt nedanfor og langs vegmuren. Vidare, på motsett side av bilvegen, under berghammaren, er det ei stripe på ca 1,5–2 m breidd til enden av vegen/snuplassen. Det er vel lite praktisk at den følgjer landbruksarealet – stripa bør slåast av den som slær plenen.

14.05.19 JM